



FLORA
KOMMUNE

Innkalling til Flora eldreråd

Møtedato: 05.09.2016
Møtestad: Alderssenteret Havglytt
Møtetid: 11:00 –

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 57 75 60 00, eller til organisasjonogpersonal@flora.kommune.no, slik at varamedlem kan bli innkalla.

Varamedlemar møter etter nærare innkalling. Alternative framlegg til vedtak i nokon av sakene kan du sende på e-post til framlegg@flora.kommune.no.

Flora kommune

Jostein Midtbø
leiar

Arne Schei
sekretær

Sakliste

Saknr.	Tittel
031/16	Godkjenning av møtebok
032/16	Refererte skriv og meldingar Plakat open dag 31.08 Flora omsorgssenter
033/16	Tilbakemeldingar frå evt. møte sidan sist.
034/16	Orientering om Docen – kva er stoda no.
035/16	Orientering om prosjektet GODE KVAR DAGAR FOR ELDRE, v/Bente Nilsen .
036/16	Vidare planlegging av ELDREDAGEN 1. okt.

Evt. saker som kjem til

NB! 31. august er det OPEN DAG på Flora Omsorgssenter. Programmet er lagt inn i sak 032/16: Ref. skriv og meldingar.

Det er fint om medlemmene av ELDRE RÅDET har høve til å vere med der.

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/16	Flora eldreråd	PS	05.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Arne Schei	K1 - 033	16/1683

Godkjenning av møtebok

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



FLORA
KOMMUNE

Saksopplysingar:

32T

Protokoll - Flora eldreråd - 23.05.2016



Møteprotokoll for Flora eldreråd

Møtedato: 23.05.2016
Møtestad: Alderssenteret Havglytt
Møtetid: 11:00 - 13:00

Desse møtte	Parti
Audbjørg Langøy	
Eldbjørg Rognsøy	
Jostein Midtbø	
Lala Steindal	
Solbjørg Tonheim	Arbeidarpartiet
Arlene Oddbjørg Vågane	Høgre

Forfall meldt frå følgjande medlemar	Parti
Laila Nygård	

Møteleiar: Jostein Midtbø
Merknad til innk.: Ingen merknader.
Godkj. sakliste: Godkjent.
Frå adm. møte: Adm.kons/møtesekretær Arne Schei
Utlevert i møtet: Søknadsskjema og skjema for rapportering i samband med Den kulturelle spaserstokken.
Orientering: Orientering om tildeling av kr. 460.000 frå Helsedirektoratet til Lev Vel.
Spm./interpell.:
Synfaring:
Ymse:

Sakliste

Saknr. **Tittel**

025/16 Godkjenning av møtebok

026/16 Evt. tilbakemeldingar frå møte i utval/arbeidsgrupper

027/16 Plan for institusjonsutbygging – plangruppa sine konklusjonar.
(Sak til levekårsutvalet vert sendt ut fredag 13. mai og er også vedlagt her)

028/16 Kommuneplanen – orientering og evt. fråsegn

029/16 Planlegging eldredag 1. oktober

030/16 Den kulturelle spaserstokken
-Fordeling av midlar 2016
-Søknad om midlar 2017

025/16: Godkjenning av møtebok

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming:

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik den ligg føre.

026/16: Evt. tilbakemeldingar frå møte i utval/arbeidsgrupper

Ingen har møtt i utval eller arbeidsgrupper sidan sist.

027/16 Plan for institusjonsutbygging – plangruppa sine konklusjonar.
(Sak til levekårsutvalet vert sendt ut fredag 13. mai og er også vedlagt her)

Følgjande framlegg til vedtak vart lagt fram av Jostein Midtbø:

Eldrerådet syner til tidlegare uttale, i møte 07. mars d.å., om institusjonsutbygging for omsorgstenestene.

Hovudkonklusjonane til Plangruppa og framlegget til vedtak er i tråd med det synet Eldrerådet har.

Eldrerådet vil likevel peike på to forhold:

1. Med den vridning ein no legg opp til med heimebaserte tenester, må desse tenestene styrkast økonomisk. Skal eldre bu lenger heime, må hjelpetiltaka vere tilfredsstillande.

2. At det no vert vedteke at planlegginga av institusjonsutbyggina skal starte først i 2020, må ikkje vere til hinder for tidlegare oppstart om utviklinga syner at behova for institusjonsplassar vert større og melder seg tidlegare enn no rekna med.

Handsaming:

Framlegget til vedtak frå Jostein Midtbø vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Eldrerådet syner til tidlegare uttale, i møte 07. mars d.å., om institusjonsutbygging for omsorgstenestene.

Hovudkonklusjonane til Plangruppa og framlegget til vedtak er i tråd med det synet Eldrerådet har.

Eldrerådet vil likevel peike på to forhold:

1. Med den vridning ein no legg opp til med heimebaserte tenester, må desse tenestene styrkast økonomisk. Skal eldre bu lenger heime, må hjelpetiltaka vere tilfredsstillande.

2. At det no vert vedteke at planlegginga av institusjonsutbyggina skal starte først i 2020, må ikkje vere til hinder for tidlegare oppstart om utviklinga syner at behova for institusjonsplassar vert større og melder seg tidlegare enn no rekna med.

028/16 Kommuneplanen – orientering og evt. fråsegn

Ingen frå plan- og samfunnsavdelinga hadde høve til å møte og orientere eldrerådet.

029/16 Planlegging eldredag 1. oktober

Det var semje om å arrangere eldredag også i år, med ein billettpris på kr. 100.

030/16 Den kulturelle spaserstokken
 -Fordeling av midlar 2016
 -Søknad om midlar 2017

Orienteringa om Den kulturelle spaserstokken vart teke til vitande.

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/16	Flora eldreråd	PS	05.09.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Arne Schei	K1 - 033	16/1683

Refererte skriv og meldingar

32T

Saksnummer	Tittel
	Plakat open dag 31.08 Flora omsorgssenter

Framlegg til vedtak:

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



FLORA
KOMMUNE

Saksopplysingar:

Velkommen til open dag på Flora omsorgssenter



31. august kl. 1630-1900

Aktivitetar både ute og inne:

- **Turar med rickshaw-sykkelen vår**
- **Besøkshundar og frivillige frå Røde Kors**
- **Handverksaktivitetar**
- **Leseombod**
- **Voggesong og babysong**
- **Servering av grillkvelds frå KF kjøkken**
- **Servering av kaffi, kaker og sveler**

Vi ønskjer alle hjarteleg velkomne; som innbyggjar, pårørande, familie, venn eller frivillige!

Arrangementet er gratis og er ein del av vårt prosjekt LEV VEL – meir kultur til eldre!



**KULTUR
OG ELDRE**



Flora kommune

Fra: Nilsen Bente
Sendt: 26. august 2016 10:46
Til: Schei Arne
Kopi: "jostein.midtbo@gmail.com' (jostein.midtbo@gmail.com)'; Hovland Ann Kristin
Emne: Plakat open dag 31.08 Flora omsorgssenter
Vedlegg: Plakat open dag 31.08 - siste.pdf

Hei Arne!

Etter avtale med Jostein i Eldrerådet, sender eg over oppdatert plakat med invitasjon til open dag på Flora omsorgssenter. Vi oppfordrar alle i Eldrerådet til å komme og ta med seg minst ein gjest☺

Plakaten skulle følgje med innkallinga til Eldrerådet etter avtale.

Med beste helsing
Dagleg leiar Bente Nilsen



Mobil: 902 22692

<http://flora.frivilligsentral.no>